

Representantskapet og  
Styret i Stiftinga Kystsovekeke

Stiftinga Kystsovekeke  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
Tlf.: 55 23 91 73  
E-post: kystsovekeke@post.hfk.no  
Kontonr.: 3624. 51. 90357  
Org.nr.: 980 898 644

Bergen, 21. april 2015

### Referat frå årsmøte i representantskapet i Stiftinga Kystsovekeke

Det vart gjennomført årsmøte i representantskapet for Stiftinga Kystsovekeke, 13. april kl 11.00-13.00 på Hotel Terminus i Bergen.

Kystsovekeke også ønskjer også å markere *Friluftslivets år 2015*. Før møtet vart offisielt sett innleia derfor kystkulturentusiast Evy Bjørvik Dame frå Keipane kystlag på Radøy med å snakke om kystfriluftsliv og rotur Radøy rundt. Evy Dame er aktiv på sjøen og kysten, og har tatt initiativet til fleire lengre roturar, mellom, anna rundt Radøy, Holsnøy og Osterøy. Vi ønskte ho skulle inspirere fleire til også å ta i bruk sjøen og kysten til friluftsliv, slik at folk også tenker på kysten som arena for friluftsliv, og ikkje berre fjellet og marka, slik at det vert eit yrande kystfriluftsliv også i våre 22 kommunar i løpet av Kystsovekeke.

#### Radøy rundt i robåt med Evy Bjørvik Dame

Evy er aktiv i Keipane kystlag i Sæbøvågen på Radøy, der har dei mange gamle båtar, men ikkje så god plass. Den eldste båten er Anna Tofta frå 1860. Kystlaget arrangerer Rognappen for born og unge, og har vølekurs for å lære bort vedlikehald på gamle trebåtar. Båtane vert tatt vare på i tråd Vern gjennom bruk.

I 2013 inviterte Evy til rotur Radøy rundt, og ho fekk med seg eit fint knippe folk i fleire båtar. Folk vart fordelte i båtane slik at dei fekk ei grei fordeling av trente og utrente folk som rodde saman. Hovudsaka med roturane er å få ei god oppleving, dette er ikkje ein konkurranse eller styrkeprøve. Her skal det være rom for friluftsopplevinga og for attraksjonar. Med robåt kjem ein tett på fugle- og dyreliv, på roturen dei fekk sjå mange flotte naust- og sjøbruksmiljø, det var også lagt inn stopp for å gå korte turar på land for å sjå nærare på kulturminner og miljø, som Bogatunet, steinalderbuplassen i Fosnstraumen og Utvandarsenteret på Sletta, og andre strandhogg. Som oftast rodde dei to timar før dei stoppa, samla troppane og hadde kvilepausar og matpausar, slik at både hender og ender fekk seg litt variasjon og avlastning. Gode tova sjøvottar eller fiskevottar er greitt å ha på hendene for å unngå å få så mykje blemmer og sår, de held også varmen dersom det regnar. Sykkelhanskar eller andre hanskar gjer også litt av same nytten.

Roturen Radøy rundt var ikkje planlagt med faste rasteplassar eller overnatting, roarane stoppa når det vart kveld og dei fann ein passende plass, som oftast traff dei på svært hyggelege folk på vegen og fekk beleggja båtane trygt ved kaier og bøyer. Natta vart tilbrakt heime i eigen seng, og så fann dei fram til båten att neste morgon. Mannskap vart skifta og nokre falt frå, men dei var ein god gjeng som fullførte heile runden. Turen tok tre dagar med 24 timars effektiv roing.

Det var viktig å planlegge og ta omsyn til straumar i sjøen, flo og fjære slik at ein ikkje fekk så mykje unødig motbør. Dei nytta seg også av gamal lærdom som å halde to åretak frå land og på den måten dra nytte av bølgame som slo tilbake frå land og gav litt medfart. Ein må også vere obs på solgangsbris og at enkelte stader har sine heilt eigne straumtilhøve. Til dømes er Alverstraumen så grunn og lang at det nærast flør og fjører i begge ender, og straumen går motsett av det ein skulle tru. Det er derfor greitt å forhøyre seg med lokalkjente folk for å få nytte straumane på beste måte.

Evy er ein ivrig roar og har også mange andre romeritter bak seg, som Holsnøy rundt og Osterøy rundt. Ho fortalte også litt frå turen kring Osterøy som ho gjorde saman med ei venninne og ikkje i

ein større gruppe som Radøy rundt. På Osterøy er det også mange flott kulturmiljø å stoppe og sjå nærare på. Her er også båtbyggjarmiljø og laksegiljer som er flotte kulturminner. På turen rundt Osterøy planla dei å sove i telt, og hadde pakka med seg utstyr for campingliv i båten. Båten må da pakkast med tyngda bak. På Osterøy er det også mange flott perler, som Havråtunet, Veafjorden og Mjøsvågen. Turen rundt Osterøy er på 50 nautiske mil og dei brukte 28 timar effektiv roing på runden. Ho og venninna er vante roarar og ror godt saman, og held ein fart på 3-4 knop.

Første helga i juni inviterer Evy og Keipane kystlag på ny tur rundt Radøy, og ho oppmodrar alle til å vere med på turen.

Innspel frå Johannes Landmark med informasjon om Tysnes rundt som i år går 26. – 28. juni.

Olav Steinar Namtvedt takka for innlegget og Evy fekk med seg heim eit par nye tova, nålebundne sjøvottar.

Etter innleiinga er det tid for sjølve årsmøtet

## Årsmøtet i Representantskapet

Tilstade: leiar Olav Steinar Namtvedt, styreleiar Ove Trellevik, dagleg leiar Lena Eikeland Kutschera.

Hordaland fylkeskommune: Mona H. Hellesnes, Askøy: Solfrid Hess, Fjell: Odd Bjarne Skogestad, Fusa: Erik Vangsnes (med fullmakt), Gulen: Anne Mette D. Andreassen, Lindås: May Eva Sandvik, Meland: Nils Marton Aadland, Os: Kjetil O. Grønvigh (med fullmakt), Osterøy: Kari Foseid Aakre, Radøy: Ann Christin Hoen, Stord: Johannes Landmark, Sund: Kari-Anne Landro, Sveio: Astri Hovda, Øygarden: Anne-Lise Grøm.

Det er tilstrekkeleg mange til stades til at møtet er gyldig.

### Saker til handsaming:

#### **01/15 Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent.

#### **02/15 Val av ein representant til å skrive under protokollen i tillegg til møteleiar og referent**

I tillegg til signatur frå leiar Olav Steinar Namtvedt og referent Lena Eikeland Kutschera vart Mona Haugland Hellesnes valt til å skrive under på protokollen.

#### **03/15 Årsmelding 2014**

Møteleiar gjekk raskt igjennom årsmeldinga som i år som tidlegare år var god, oversiktleg og fyldig, med bilete og alle arrangementa i kommunane lista opp. Dagleg leiar fekk godord for den.

Det var ikkje merknader til årsmeldinga.

#### **04/15 Årsrekneskap 2014**

Dagleg leiar tok kort føre seg dei postane i rekneskapet som er dei største, nemleg marknadsføring, og tilskot til arrangørar og dessutan lønskostnader. Marknadsføringa er kutta sterkt ned på og stramma godt inn, men likevel er dette ein stor post, og annonseringa er no nede på eit minimum. Sosiale media og andre gratiskanalar er forsøkt nytta til det maksimale. Lønskostnadene må følgje normal samfunnsutvikling. Tilskot til lokale arrangørar er forsøkt tilpassa graden av sponsorinntekter og støtte frå næringsliv.

Det er også levert godkjent revisjonsberetning.

Mona Hellesnes frå Hordaland fylkeskommune etterspør at budsjett var vedlagt sakspapira, og dagleg leiar beklagar sterkt at ikkje føreligg. Fylkeskommunen gjev driftstilskot til stiftinga, og mange andre aktørar ville gjerne hatt av desse midlane. Driftstilskotet skal ikkje nyttast som tilskot til arrangørar. Ho peker også på at det er særst uheldig med negativt resultat over tid, og at stiftinga då anten må hente inn meir midlar utanfrå eller redusere aktiviteten. Hordaland fylkeskommune ønskjer også ein meir synleg plass i arrangement som er med, kan hende i form av ein eller annan rolle i samband med den offisielle opninga.

Hordaland fylkeskommune gjev i mange tilfelle også støtte direkte til enkelte arrangement i Kystsogevekene, i tillegg til kommunane og annan lokale støtte. Denne støtta er ikkje synleg i rekneskapet til Stiftinga Kystsogevekene sidan arrangementa har eigne rekneskap.

Leiar i representantskapet Olav Steinar Namtvedt og strytleiar Ove Trellevik fortel at styret har hatt sterkt fokus dette i styremøter, og at budsjettet er justert slik at vi i 2015 vil forsøke å få overskot. Det er også gjort endringar slik at tilskot til lokale arrangørar ikkje vert gitt før vi har oversikt over kor mykje stiftinga har fått inn i støtte frå næringsliv og anna, tilskot skal i år gjevast ut frå kor mykje som er på konto og ikkje kor mykje som er budsjettert å få i sponsormidlar.

Frå kommunane sitt hald vert det kommentert at dei 22 kommunane gjev ikkje driftstøtte til Stiftinga Kystsovekeke, men dei fleste er gjev støtte til arrangementa i løpet av Kystsovekeke i kommunane sine. Kystsovekeke er faste årlege innslag i kulturlivet på Vestlandskysten, og gjer at mange slutter opp og skipar ulike kystkulturarrangement, nokre av desse er årlege og faste, medan andre varierer frå år til år. Kystsovekeke genererer stor aktivitet i kystkommunane, og utløyser også på den måten både kommunal støtte og dessutan får dei lokale arrangementa også støtte frå sitt lokale næringsliv form av lokale sponsorar. Kva verdiar dette generer er ikkje synleg i stiftinga sin økonomi sidan det heller ikkje har med sjølve drifta av stiftinga, men er likevel ein del av sjølve den store kystkulturmonstringa Kystsovekeke.

## 05/15 Kort informasjon om Offisiell opning av Kystsovekeke 2015 på Tysnes

Den offisielle opninga av Kystsovekeke 2015 vil vere 8. august på Tysnes, og arenaen som er valgt er Onarheim. Johannes Heggland skreiv *Håkonarspela* og har derfor ei viktig rolle i etableringa og bakgrunnen for Kystsovekeke, det er då også naturleg at han får merksemd i samband med at opninga vert på Tysnes. Det er mange lag og organisasjonar i sving med planlegginga slik at det er godt eigarskap til opninga i år.

## 06/15 Eventuelt

Det er ikkje saker under eventuelt.



Olav Steinar Namtvedt  
Leiar i representantskapet



Mona Haugland Hellesnes  
fylkesvaraordfører



Lena Eikeland Kutschera  
dagleg leiar  
referent